


## Trusforsvar er svært aktuelt i dag



Margunn og Lars



Oxford

**Kvífor trur du? Kven trur du på? Og mange andre spørsmål kan ein få gjennom livet. Korleis skal ein svare med tryggleik på at det ein svarer blir motteke korrekt, og med tryggleik på at ein har gitt eit godt svar? C. S. Lewis er eit godt førebilete på akkurat dette temaet.**

Tekst: Ragnhild Kristine Vartdal Espelund

I midten av september, 8.-12. september, arrangerer Radio Sunnmøre i samarbeid med SI-Reiser ei langhelg til Oxford og London. Her kan ein få vere med i C. S. Lewis sine fotspor, og lære om hans forfattarskap gjennom hans reise frå ateisme til kristen tru. Han er eit førebilete på det vi kallar apologetikk, trusforsvar.

### OXFORD

I byen Oxford får vi vere med å besøke der Lewis budde, der han arbeidde og der mange av hans skriftlege verk vart til. Kanskje er Narnia den mest kjende av hans verk for deg, men han har kome med mykje meir som også er aktuelt i dag. På turen får vi møte personar som i dag fører arva etter C. S. Lewis vidare. Vi får på nært halde vere med og ta pulsen på Oxford som by.

### LONDON

I London vil vi få vere med på gudsteneste i All Souls Church, der den verdskjende, evangelikale leiaren John Stott (1921-2011) var pastor. Vi får vi vere med ei gruppe til Speakers Corner og kjenne pulsen på atmosfæra når folk kjem dit for å diskutere, samtale og fortelje andre om si tru. I London

får ein også fritid til å ta pulsen på London om ein ynskjer det, anten som turist på dei enormt mange turistattraksjonar, flotte parkane eller shopping om ein det ynskjer.

### REISETEAM

I reiseteamet har vi med Margunn Serigstad Dahle og Lars Dahle. Margunn Serigstad Dahle er førstelektor ved NLA Gimlekollen og leiar for Kommunikasjons -og livssynsstudiene. Ho er gift med Lars Dahle som er prorektor ved NLA Høgskolen. Lars er også dagleg leiar for Damaris Norge AS, som både Margunn og Lars har vore med å starte opp. Dei har begge god kunnskap om å formidle den kristne trua i både sekulære og kristne miljø, både i teori og praksis, og har i tillegg god kjennskap til Oxford som by, og som heimebane for C. S. Lewis sitt forfattarskap.

Ekteparet Dahle er unike å ha med på ein slik tur, og du vil absolutt lære noko og bli inspirert på denne turen. Kvar morgen vil vi få undervisning av eit tema av Lars Dahle før vi tek fatt på dagen.

I tillegg blir dagleg leiar i Radio Sunnmøre, Ragnhild Kristine Vartdal Espelund med.

### PÅMELDING

Påmelding til turen gjerast direkte til **SI-Reiser**. Fleire har allereie meldt seg på, så det er ikkje noko å vente på om ein vil bli med. Turen er lagt opp med direktefly til og frå Ålesund, men det er fullt mogleg å hoppe på eit fly frå ein annan by i Noreg. Ta kontakt med SI-Reiser for meir informasjon, eller sjå i den siste katalogen.



**Johan Halsne**  
Krinsleiar Sunnmøre  
Indremisjon

# Ferietid og ferieplaner

Vi har et årsmøte/sommertreff like bak oss. Det er alltid inspirerende å møte misjonsfolket, og det spesielt gjennom den delen av programmet der vi hadde samtale om arbeidet og får innsikt i lokale utfordringer og glede. Vi ble og minnet på det store og mangfoldige arbeidet som skjer gjennom Sunnmøre Indremisjon, der over hundre personer daglig er knyttet til en av de virksomheter som er eid helt eller delvis av indremisjonsbevegelsen på Sunnmøre. I tillegg kommer alle frivillige som gjennom året gjør en stor og avgjørende innsats. Slik er fortsatt indremisjonen en stor bevegelse.

Like framfor oss nå ligger sommer og ferie

Det er viktig at der fins en lovfesta ordning, der vi noen uker av året disponerer dagene slik vi ønsker, og kan forhåpentligvis lade batteriene for kommende utfordringer. Vår kropp er ikke laga til bare å yte, men og å nyte, og vårt kristenliv trenger pusterom, som kan være vanskelige å finne tid til.

Jesus sier en gang til sine disipler i Markus 6,31:» Kom med til et øde sted hvor vi kan være for oss selv, og hvil dere litt»

Om du velger hytta, båten, cruise, hotell eller sydenferie som lastasjoner er opp til deg. Du vet best selv hva som er den ferien du liker best og trives med.

I tidligere tider ble ofte sommeren beskrevet som en åndelig «tørketid», da var der få eller ingen møter rundt om i kirker og bedehus, dette er ganske annerledes nå. Hvis vi leser annonsene over stevner og festivaler i kristen regi er der masse å velge mellom. Der er en så stor variasjon at «alle» vil finne noe som passer for dem. Jeg vil på det sterkeste anbefale et eller flere av disse arrangementene som en del av sommerens ferie.

Her får du komme avsides og hvile!

Her får du være til stede å «nyte» og ikke «yte»

Om du ønsker, er dette plasser der du kan få noen nye ideer, utveksle erfaringer, knytte nye bekjentskaper til arbeidet du står i på din hjemplass.

«*Jeg vil ønske deg en god ferie og velkommen til å være med å «innta landet»*

Som del av ferien din dette året vil jeg på det varmeste anbefale og ønske deg velkommen til Indremisjonsforbundets sin generalforsamling på Borg 27.-31. juli!

Som tema er det valgt: «Innta landet»

*Jeg vil ønske deg en god ferie og velkommen til å være med å «innta landet»*

## ORGAN FOR SUNNMØRE INDREMISJON

### Heimemisjonen

Redaktør: Johan Halsne  
Postboks 7836 Spjelkavik,  
6022 Ålesund  
Tlf. 70 17 86 70  
Fax. 70 17 86 69  
Bankgiro: 3000.15.31235  
E-post: sunnmore@imf.no  
Internett: www.imf.no/sunnmore  
Ung Misjon: www.ungmisjon.no

### Brusdalsheimen

Telefon: 70 27 45 53  
Bankgiro 3900.31.17255  
**Orreneset Misjonsenter**  
Telefon: 70 25 07 56  
Bankgiro: 4045.07.07211  
**Daggry barnehage**  
Telefon: 70 18 24 97  
Bankgiro: 3000.21.36682  
**Borgund Folkehøgskule**  
Telefon: 70 17 76 00  
Bankgiro: 8220.02.20788

### Møre Ungdomsskule

Telefon: 70 17 66 70  
Bankgiro: 8220.02.80287  
**Møre barne - og ungdomsskule Skodje**  
Telefon: 40 29 36 41  
Bankgiro: 3000.32.36796  
**Møre barne - og ungdomsskule Herøy**  
Telefon: 70 08 05 50  
Bankgiro: 3000.18.45655

### Begravelsesbyrået

**Sunnmøre A/S**  
Telefon: 70 17 86 60  
Vakttelefon: 90 86 38 56  
**Si-Reiser AS**  
Telefon: 70 17 90 00  
www.si-reiser.no  
**Radio Sentrum**  
Telefon: 70 15 41 00  
Bankgiro: 3900.21.10311  
www.radiosentrum.no

# RadioGiv 2016 og Radiolotteriet

I fjor kom Radio Sunnmøre ut med eit underskot på nær 150 000 kroner. Difor har styret i år satsa på høgare inntekt både på årets Radiolotteri og på Radiomessa.

**Tekst og foto:**Ragnhild Kristine Vartdal  
Espelund

RadioGiv 2016 var 8. og 9. mars. Under 17 direktesendte timer nådde vi målet vårt med å samle inn 320 000 kroner. Det var heilt fantastisk å vere med på då alle telefonane og epostane kom frå folk som ville gje sin lovnad på eit beløp til radioen under denne innsamlinga.

Radiolotteriet i år har styret valt å ha tidleg på hausten, i staden for midt i julestria og julemessestria. Difor startar vi salet av lodd i lotteriet 1. september. Trekninga vert 18.oktober. Vi har fått sponsa gevinstar for nær 50 000 kroner. Så inntekta av lotteriet blir på nær 200 000 kroner dersom vi får selt alle loddna. Noko vi håpar sterkt på.

## ÅRETS RADIOMESSE

Radiomessa i år vert det også noko endringar på. Vi har også heva beløpet vi satsar på å samle inn denne dagen, og har med det også flytta messa frå Ålesund bedehus til Borghallen på Borgund folkehøgskule. Med det håpar vi på endå fleire folk, og meir sal av både mat og lodd. I tillegg vert det både aktivitetar for borna, det blir song



Barnekoret frå Ellingsøya klippe snora og opna fjarårets Radiomesse på Ålesund bedehus.

av Ålesund Soulchildren og Respons. Ikkje minst sal av bakst og salsvarer. Det er viktig for oss at det kjem folk på denne, så inviter med deg alle du kjenner og kom i Borghallen laurdag 5. november kl. 11.00. Vel møtt!

Tusen takk til alle som er med og støtter dette

viktige arbeidet, vår aller største talarstol. Fast givarteneste og enkeltgåver, i tillegg til gåver frå forsamlingsar er også svært viktig. Tusen takk!

# Bilete frå Sommartreff 2016

Første helga i juni var det Sommartreff, Sunnmøre Indremisjon si årsmøtehelg, i Fosnavåg. Konsert med Sveinung Hølmebakk,

Elkana og Anne Marthe Lillebø, i tillegg til festmøte og familiemøte var noko av det som stod på programmet.



Elkana og Anne Marthe Lillebø var nokre av songkrefte under Sunnmøre Indremisjon si årsmøtehelg i Fosnavåg 3.- 5 juni



Det var mange som møtte fram under konsert og festmøte i Fosnavåg.



Under familiemøte i Fosnavåg var det innslag for borna.



Under familiemøtet søndag i Fosnavåg deltok både born og vaksne.

# BARNE GF, 28.-31.juli på Borgund Folkehøgskule

Tema: Fortell meg, Jesus!

## PROGRAM

Når ImF med hjelp av lokale krefter arrangerer GF i Ålesund i sommar, har ImF-UNG Sunnmøre ansvaret for å lage til eit opplegg for barna og ungdommane. Det har vi jobba med ei stund, og no begynner programmet og bli klart. Vi trur det skal bli kjekke dagar for barn i alle aldrar.



**0-2 år:** Vi vil ha leikerom for dei aller minste, der foreldra kan vere sammen med sine barn og få med seg på skjerm litt av det som skjer i møtesalen.


**3-6 år:** Denne gruppa skal vere i lokaler på skulen der vi lagar til barnehage. Vi låner utstyr og leiker slik at forholda skal ligge godt til rette for kjekke dagar. Så blir det sjølvsagt uteleik, både på skuleområdet og på ein barnehage i nærleiken. Maria Gundersen Zahl vil kvar dag ha samlingsstund med andakt der barna får høyre kjende fobeljingar frå Bibelen.

**7-9 år og 10-13 år:** Desse to aldersgruppene vil vere litt saman og litt kvar for seg. Vi får bruke rom på Møre Ungdomsskule til desse. Her vil Bjarte Vesetvik, barne- og familieleder i ImF-UNG,

ha andaktene. Vi skal også synge masse, og delta på familiekonsert sammen med Bjarte Leithaug laurdag ettermiddag. Så blir det hobby, forskergruppe, inne- og uteleik og turar i nærområdet. Fredag blir det dagstur til Godøya, med besøk på garden til Linda og Karl Arne Austnes og tur til Alnes med fyret og Alnessanden.

### Ungdommane:

Det vil også bli innholdsrike dagar for dei over 13 år. Det blir spennande aktivitetar, eigne treffpunkt om kvelden og også samlingar med andakt. Her er det mulegheit til å bli kjent med nye og til å ha det sosialt og kjekt.



## MEDHJELPARAR

Har du anledning og lyst til å vere saman med barna ein, to eller tre dagar under arrangementet? Likar du å synge, eller er du best på idrett og leik? Passar du best sammen med barnehagebarna, eller med dei som er større? Hadde du likt å kome deg ein tur på Alnes og få oppleve det kjende fyrtårnet? Eller vere med ungdommen på ein spennande aktivitet?

- Vi vil gjerne ha kontakt med deg! Vi treng mange hjelpende hender denne veka, og har på langt nær fyllt opp alle dagane på alle gruppene. Vi har ei oppgåve til DEG som vil bidra, enten du er 17 eller 60 år.
- Ta kontakt med Randi Fagerhol Lauvås, leiar i ImF-UNG Sunnmøre:
  - telefon 990 17 098
  - e-post: rf.lauvas@imf.no

**60 PLUSS LEIR  
Brusdalsheimen  
22.– 25. august**

Taler: Kjell Hagen

**STORSAMLING  
Møre barne- og ungdomsskule Herøy  
søndag 21. august kl. 12.00**

Taler: Marit Stokken

**Inspirasjonsdager for kvinner  
Brusdalsheimen  
21.-22. oktober**

Taler: Lotta Pedersen

**ORRENESSTEMNE  
søndag 28.august  
møter kl. 12 og kl. 15**

Taler: Johan Halsne  
Song av Sulagutane  
Salg av middag